

## **ÅRSMELDING - BØMLO BÅTLAG - 2008**

I 2008 kunne Bømlo Båtlag feire 30-års jubileum. Dette vart markert med ein flott jubileumsfest den 28.november, med rund 55 påmelde. Det var lenge sidan laget hadde arrangert ein medlemsfest, så dei frammøtte var einige i at det måtte vera eit mål å laga til to medlemsfestar i 2009!

Det har vore eit aktivt år for BBL. Laget har 64 medlemmer pr 31.12.08. Det er avholdt om lag 12 styremøte i tillegg til ordinært årsmøte og eit ekstraordinært årsmøte. I tillegg har styret utanom møtene jobba med oppfølging av viktige saker.

### **Flytebrygga på plass**

I første halvdel av året kom den nye flytebrygga på plass. Dette gav nye og betre plassar for medlemmene. Brygga vart levert etter avtale, og med berre mindre justeringar fungerer denne bra. I tillegg vart den gamle delen regulert og oppjustert med nokre "nye" uteliggjarar. Det er også kjøpt inn og montert "stolpar" for lys, stauum og vatn.

### **Sikring av kai og pir**

Sikringa av kaien og piren skjedde nok ikkje på det beste tidspunktet i sommar. Det var lite laget kunne gjera med dette. No er arbeidet utført og første del av prosjektet er fullført. Det neste som er planlagt er å leggja nytt dekke på kai/pir, skjørt på kaien med stigar og eit eventuelt grillhus.

### **Dugnad**

Det vart lagt til rette for dugnad for medlemmene i mai. Ein dag pr veke var sett opp og det var minst ein frå styret til stades kvar gong for å organisera arbeidet. Det viser seg at det ofte er dei samme som stiller opp på dugnad. Dette må me jobba for å endra.

Vidare framover i 2009 er det planlagt arbeid på anlegget der BBL har lagt inn ein eigenandel som må utførast som dugnad.

### **Brønnøysundregisterert**

BBL er no registret i Brønnøysundregisteret. Dei vedtektene laget hadde vart ikkje godkjende. Difor var det nødvendig med eit ekstraordinært årsmøte for å få vedteke nye. Det er også ein fordel å vera registreerte når det gjeld å få lån. Styret har inntil vidare garantert for eit lån i Haugesund Sparebank slik at me fekk betalt for brygger og sikring.

BBL ventar no på Bømlo kommune for å få skilt ut området og tinglyst papira.

### **Søknad om midlar**

I løpet av 2008 har BBL søkt om midlar frå ulike hald. Det er ikkje lett å nå fram med slike søknader, men laget fekk støtte frå Finnås kraftlag med 8000 kr, Langevåg Utvikling har sett av inntil 90 000kr i støtte til utvikling av kaiområdet (dekke og grillhus). Haugesund Sparebank går inn som sponsor over tre år. Første året 20 000 kr + ei gåve på 10 000 kr til 30-årsjubileumet, så 20 000 kr i to år.

### **Vedtekter og havnereglar**

Styret har jobba mykje vedtekter og havnereglar. Vedtektene som vart godkjende i 2008 er allereie modne for revidering, og forslag til endringar skal leggjast fram for årsmøtet i 2009. Det samme gjeld for havnereglane. Desse er reviderte og må godkjennast.

### **Båtførarprøva**

BBL tok initiativet til å arrangera kurs i båtførarprøva. Dette vart lyst ut på slutten av 2008, men dette kom ikkje i gong grunna for få påmelde.

Bømlo Båtlag

Kåre Bogetveit  
skrivar

